



Bømlo
kommune

Kva skjer

Her er nokre av aktivitetane i nærområdet ditt **26. januar til 1. februar**



Måndag 26. Kl. 11.30 - Dagkino - Bømlo kulturhus

Dagkino er eit tilbod for vaksne, med gode kvalitetsfilmar og ein sosial møteplass. Kaffi/te og noko søtt er inkludert i bill.prisen. Denne måndagen er det filmen Havfolket som blir sett opp. Dette er ei spesialvisning der regissøren kjem og fortel om filmen. For meir informasjon sjå www.bomlokulturhus.no Bill.pris kr 150.



Tysdag 27. Kl. 11.00 - Senioruniversitetet - Bømlo kulturhus

Denne tysdagen får senioruniversitetet besøk av Ingvild Bryn: "Eit spennande liv i NRK og eit rikt liv utanfor". Bill.pris kr 175.



Onsdag 28. Kl. 12.15 - Seniorsymjing - Bømlo symjehall

Arena for meistring, helse og sosialt samvær for vaksne i Bømlo symjehall. Har du behov for trening og samvær med andre i eit litt rolegare miljø, er du velkomen. Ein kan symje i begge bassenga, alt etter kva ein ynskjer. Det er økt med aqua gym for det som vil vera med på det kl 12.30. Pris kr 75.



Torsdag 29. Kl. 17.00 - Sjakk - Bømlo folkebibliotek

Er du glad i å spela sjakk? I biblioteket har du moglegheit til å treffe andre entusiastar og ein arena til å dyrke hobbyen din. Arrangementet er gratis.



Fredag 30. Kl. 19.00 - "Eg er Lucy Barton" - Bømlo kulturhus

For første gong på eit norsk teater kan publikum oppleva Elizabeth Strout sitt univers. Den Pulitzerprisvinnande forfattaren er kjent for å skildra vanlege folks følelsesliv med varme, djupne og kompleksitet. Teater Vestland kjem denne fredagen til Bømlo kulturhus. Bill. kan kjøpast på www.bomlokultuhus.no Billpris kr 320 for honnør og kr 400 for ordinær.

Ynskjer du informasjon om fleire aktivitetar?

Gå til nettsidene bomlo.kommune.no

Leveres i
samarbeid med



Nytt og nyttig

Pårørandeskule demens våren 2026

Bømlo kommune, i samarbeid med Bømlo demensforening, arrangerer pårørandeskule for deg som har ein familiemedlem eller ven med demens over fire samlingar i februar og mars.



Foto: Bømlo kommune

Pårørandeskulen er eit kurstilbod der du får auka kunnskap om demens gjennom faglege føredrag og samtalar i gruppe. Tilbodet gir også høve til å møte andre pårørande og dele erfaringar i trygge rammer. Kurset går over fire samlingar à tre timar, og har teieplikt for deltakarane.

Samlingane er i Psykisk helsebygget, Bøtun 3 og prisen er 100 kroner per deltakar.

Kurset går over fire samlingar på datoane 3. og 17. februar, 3. og 17. mars. Kvar samling er frå klokka 18.00–21.00.

Påmeldingsfristen er 26. januar 2026.

For påmelding eller spørsmål, ta kontakt med:

Demenskoordinator Anna Iren Stavland

Tlf: 482 90 113 eller e-post: anna.iren.stavland@bomlo.kommune.no

Kontaktinformasjon Bømlo kommune:

E-post: postmottak@bomlo.kommune.no

Telefon: 53 42 30 00